

## **Staus Oppvekst pr 12.12.21 Drift- pandemi**

*Ordføraren spør om det er mogleg å få skriftleg nokre punkt frå oppvekst og helse og velferd om konsekvensar av koronasituasjonen vi er oppe i og dei tiltaka som er sett i verk no. Han ønskjer i tilfelle dette til KKL-møtet måndag. (Mail frå kommunedir Landro fredag 10.12.21).*

### **Barneverntenesta:**

Stort fråvær, men foreløpig ordinær drift. Fokus på å gjennomføre undersøkingar og prosessar i tiltakssaker. Bruker teams. Risikoen er at vi ikkje når ut til dei barna som treng det.

### **BUFT:**

Dersom det ikkje hadde vore unntak frå karanteneplikta hadde vi ikkje klart å gjennomføre arbeidsoppgåver opp mot dei mest sårbare brukarane våre og det ville blitt fare for liv og helse.

Jordmorheim ivaretar oppgåver på vegne av spesialisthelsetenesta til nyfødde og barselkvinner. Dei kan difor i særskilte tilfelle fritakast frå karantene i arbeidstida. Tenesta bør difor ha tilgang til testar slik at slitne arbeidstakarar ikkje brukar energi på å skaffe seg dette i løpet av ein allereie travel arbeidsdag. Dette gjeld også i nokre tilfelle helsesjukepleiarar som skal på heimebesøk ol.

### **VO**

Vaksenopplæringa har elevforeldre og tilsette med born med påvist smitte, og vi har omorganisert drifta knytt til fråvær og for å lette eventuell smittesporing.

Deltakarane våre er i tillegg spreidde geografisk over heile kommunen.

Vi har redusert tal på undervisningstimar (oppmøte) i norskkursa frå 26t til 20t (økter på 45 minutt), slik unngår vi blanding av grupper på tvers og kan operere med faste kohortar fram til jul.

To grupper vert ein kohort, og vi legg opp til faste plassar i klasseromma samt pausar på ulike tidspunkt.

Dette i tillegg til informasjonstiltak, skjerpa fokus på handhygiene og sosial avstand til medelevar og tilsette utanom den faste gruppa.

### **PPT**

PPT stor risiko for å få smitte og spre vidare. Prøver å halde drifta. Tilsette må sjekke kvar eining sin smittesituasjon før ein besøkjer dei. Redusert direkte arbeid, går ikkje mellom ulike eininger same dag. Prioriterer det som ikkje kan/bør utsettjast. PPT treng oppdatert info om smitte til sine tilsette og det var derfor fint med møtet forrige veke med oppvekst og smittevernlege.

### **Skule:**

Generelt krevjande å halde tilfredsstillande drift. I tillegg til utfordringar knytt til covid, er det mykje fråvær grunna tilsette som er heime med sjuke barn.

Relativt få tilsette med covid, men mange elevar med covid på barne- og ungdomstrinnet. 3 av ungdomskulane har gått over til digital heimeundervisning for ei avgrensa periode: Øygarden ungdomsskule for alle elevar i to dagar. Fjell ungdomsskule og Sund ungdomsskule for 9. trinn siste veka før juleferie.

### **Barnehage:**

Generelt krevjande å halde tilfredsstillande drift. I tillegg til utfordringar knytt til bemanning, der mange er heime med covid liknande symptom og anna sjukdom, er det mykje fråvær grunna tilsette

som er heime med sjuke barn. Forsvarleg drift er relativt og subjektivt, å gå underbemannu over tid er krevjande.

4 barnehagar har hatt avkorta opningstid til nå, da redusert til så få avdelingar som mogleg(1-2 avd i hver bhg.)

Vi har nå 5 barnehagar der born er smitta og eller nærekontakt og 4 bhg som har tilsette som er smitta.

Dei fleste styrarar ønske seg kortare åpningtid, men vil vere på grønt nivå som nå. Tiltak vurdert i den enkelte eininga sin situasjon, saman smittevern og komsjef, som no.

Styrar er generelt mykje i arbeid på avdelingane, vurdert som nødvendig for å halde oppe drifta, men uklokt i ein beredskapssamanheng. Ein del overtid og forskjøvet arbeidstid og mykje vikarer er i bruk, der ein får tak i desse.